



Samferdsleplan for Sogn regionråd – handlingsplan 2019

Framlegg til Sogn regionråd 7.12.2018

<i>Satsingsområde – strategi</i>	<i>Tiltak</i>	<i>Tid</i>	<i>Ansvarleg</i>
Fylkesvegnettet <i>Strategi:</i> Arbeida for auka rammer til fylkesvegnettet Sikra at vår region får sin forholdsmessige del av utbetningsmidlane av fylkesvegnettet. Fv 55 og rassikring er rådet sitt prioriterte satsingsområde i høve RTP. I høve rassikring skal rådet arbeida for at rassikringstiltak frå regionen beheld si plassering på fylkeskommunen si prioriteringsliste for rassikring Vera pådrivar for meir midlar til rassikring	Støttespelar for Nasjonal Rassikringsgruppe sitt arbeid for å få ein 12-årsplan for rassikring	2019	Sogn regionråd
Gang og sykkelveg <i>Strategi:</i> Arbeida for å få på plass gang- og sykkelveg i tilknytning til skular			
Flyplassvegen <i>Strategi:</i> Arbeida for at ny trase frå rv 5 ved Kaupanger (Vesterland) til Haukåsen kjem inn i regional transportplan.			
Kollektivtransport: Sognebåten: <i>Strategi:</i> Samarbeida med næringa og regionale utviklingsaktørar om båtutetiltaket i Sognefjorden	Vidareføra samarbeidet med næringslivet og regionale utviklingsaktørar om å styrka Sognebåten som er avgjerande for reiselivsutviklinga i Sogn. Arbeida for styrka og utvida buss- og pendlartilbod	2019 2019	Sogn regionråd i samarbeid med Visit Sognefjord Samferdslegruppa

<i>Satsingsområde – strategi</i>	<i>Tiltak</i>	<i>Tid</i>	<i>Ansvarleg</i>
Sogndal lufthamn Haukåsen <i>Strategi:</i> Arbeida for nattstasjonert fly Samarbeida med næringslivet og bidra i arbeidet med å finansiera bygging av hangar Vurdera etablering av eit interesseutval saman med næringslivet for å styrka og utvikla Sogndal lufthamn Haukåsen og leggja grunnlaget for auka trafikk Dialog og kontakt med Widerøe og Avinor for å drøfta flyrutetilbodet og aktuelle løysingar	Arbeida politisk mot sentrale og regionale styresmakter for å få inn krav om nattstasjonert fly i konsesjonsvilkåra for komande utlysing av FOT ¹ -rutene <i>Status:</i> Samferdsledepartementet gjennomførte høyring av FOT-rutene og arbeider med å utforme rutetilbodet frå 1.4.2020. Utllysing er venta omlag eitt år før oppstart av flyginga 1.4.2020.	2019 2019 2019	Sogn regionråd/ samferdslegruppa
Vikafjellstunnelen <i>Strategi:</i> Arbeida for at oppstart blir i første del av NTP 2018-2029	Følgje Statens vegvesen sitt planarbeid Byggja alliansar med andre regionar og næringsliv og delta i interessefellesskap med naboregionar <i>Fokus:</i> Vikafjellet er den mest vinterstengde riksvegen i Noreg. Tunnel er einaste løysing for å få sikker heilårsveg over Vikafjellet. <i>Status:</i> I NTP 2018-2029 er det vedteke utgreiing av kostnadsregulerande tiltak for rv 13 Vikafjellet. Statens vegvesen er i gang med utgreiinga og er venta ferdig innan utgongen av 2019.	2019	Samferdslegruppa/ Sogn regionråd
Aust-vestsambandet <i>Strategi:</i> Samarbeida med naboregionar i eit interessefellesskap for politisk og strategisk påverknadsarbeid.	Alliansebygging med andre regionar og næringsliv Interessefellesskapet orienterer samferdslegruppa/Sogn regionråd om arbeidet <i>Fokus:</i> E134 er tidlegare utpeikt som framtidig hovudveg mellom aust og vest. I NTP vart det vedteke funksjonsdeling for aust-vestsambanda: Rv 7 Hardangervidda vert utvikla som hovudveg for persontrafikk/turisttrafikk og rv 52 skal vera hovudveg for næringstransport/tungbiltrafikk.	2019	Samferdslegruppa

¹ FOT- Forpliktning til offentlig tenesteyting

<i>Satsingsområde – strategi</i>	<i>Tiltak</i>	<i>Tid</i>	<i>Ansvarleg</i>
Sognefjellstunnelane <i>Strategi:</i> Arbeida for at konseptvalutgreiing for Sognefjellstunnelane blir prioritert	«Prosjektet Sognefjellstunnelane» orienterer samferdslegruppa om arbeidet	2019	
Ferjesamband Ferjesambandet Hella-Dragsvik-Hella <i>Strategi:</i> Aktiv dialog med Statens vegvesen region vest og Samferdselsdepartement for å få halvtimes avgangar og betre nattferjetilbod frå neste anbudsperiode 1.1.2019.	Drøfta strategiar for halvtimes avgang og betre nattferjetilbod	2019	Samferdslegruppa
Ferjesambandet Mannheller-Fodnes <i>Strategi:</i> Arbeida for oppdatert ferjemateriell og god trafikkavvikling på sambandet.	<i>Status:</i> Norled driftar dei to ferjesambanda i regionen 2020-2027. Det vil kome el-ferjer. Sommarruta er forlenga med to månader frå 1. mai til 30. september.	Løpande	Samferdslegruppa
Elektriske køyretøy <i>Strategi:</i> Medverka til auka dekningsgrad med elektriske køyretøy ved å arbeide for fleire hurtigladeastasjonar	Arena for informasjon om støtteordningar frå Enova og Sogn og Fjordane fylkeskommune og om plassering av ladeastasjonar.	Løpande	Sogn regionråd
Breiband Arbeide for auka løyvingar til breibandutbygging for å sikra eit godt breibandtilbod også i område det ikkje er lønsamt å byggja ut på kommersielle vilkår	Støtta IT-forum Sogn og Fjordane sitt arbeid og strategiar for breibandutbygging	Løpande	Sogn regionråd